

Seminar i Loen for Speed-prosjektet.

17. – 19.juni hadde forskingsprosjektet «The function of special education» (Speed) seminar i Loen for å diskutere prosessane i prosjektet så langt, og vegen vidare. Heile forskargruppa frå Høgskolen i Hedmark og Høgskulen i Volda, ekspertgruppa, stipendiatar i prosjektet samt representantar for styringsgruppa og deltakarkommunane deltok.

På seminaret fekk forskargruppa gode faglege innspel frå ekspertgruppa som består av Niels Egelund, professor i spesialpedagogikk ved Universitetet i Aarhus, Bengt Persson, professor i pedagogikk ved Högskolan i Borås og Marit Mjøs, FoU-ansvarleg i direktøren sin stab ved Statped vest. Det var også mange viktige tilbakemeldingar frå leiinga i skulesektoren, både om erfaringar dei gjorde seg i første del av datainnsamlinga og gode innspel til neste fase i arbeidet.

Det har vore eit nært samarbeid mellom deltakarane på dei ulike nivåa, og dette har resultert i god deltaking og høge svarprosentar på kartleggingsundersøkingane. Erfaringane så langt har vore lærerike, og lagt grunnlag for ei god oppfølging i neste runde av datainnsamlinga. Denne skal skje i løpet av oktober, og er eit samarbeid mellom masterstudia i spesialpedagogikk ved begge høgskulane og Speed-prosjektet, der studentar skal gjennomføre sjølve datainnsamlinga under rettleiing og oppfølging av forskargruppa. Dette vert eit spanande samarbeid som kjem både Speed-prosjektet og masterstudia til gode.

